


# Radar

2015 nr. 4

Kyrkjeblad for Radøy sokn

31.årgang





DEN NORSKE KIRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger

Tlf 5634 9840

[www.kirken.no/radoy](http://www.kirken.no/radoy)

Dagleg leiar Audun Sylta  
901 95 179

Kontorfullmektig  
Hilde Marit Solend  
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad  
951 41 360

Prostiprest  
Marianne Støylen Skauge  
472 34 796

Trusopplæringsmedarbeidar  
Willem Vogelaar  
479 73 670

Organist I J.William Kay  
915 91 482

Organist II Frode S.Storheim  
948 38 985

Dirigent Radøy damekor  
Jūratē Norkuvienē  
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane  
Arne Palmesen  
911 53 484

Kyrkjetenar  
Berit Karin Vogelaar  
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G.Hvidsten  
909 18 214

## Nytt frå dagleg leiar

**Det stundar mot jul og vi kan sjå attende på eit godt år for kyrkja på Radøy. Vi er heldige som har fleksible, kunnskapsrike og løysingsorienterte medarbeidar som har omsut for kvarandre. Det er kanskje nøkkelen for å få det til når vi er få og ikkje alle arbeidsoppgåver kan plasserast i båsar.**

Vi må heller ikkje gløyme dei mange frivillege som vi skuldar stor takk også dette året. Kyrkjelydsutvala og kyrkjeforeiningane er i tillegg ei god hjelp og støtte både når det gjeld arbeid og økonomi der dei fast tilsette og budsjettet ikkje strekk til.

Kyrkjevalet har fått mykje fokus i 2015. Soknerådet har 8 faste medlemer + 5 vara.

Valdeltakinga er aukande og ein del over landsgjennomsnittet, men vi har enno litt å strekkja oss etter med 21% deltaking. Valet til Bispedømerådsvalet i Bjørgvin fekk 17% oppslutning på Radøy.

Etter valet i Radøy har soknerådet no 4 kvinner og 4 menn. På konstituerande møte i november vart Gunnar Kartveit valgt som leiar og Grethe Lunde som nestleiar.

Soknepresten er biskopen sin representant i rådet. Radøy kommune er også representert i saker som gjeld økonomi og administrasjon. Etter kommunevalet er det Else Marie Dale som har den oppgåva med Kirsti Gjetle Floen som 1.vara

Elles går det vel ikkje å oppsummere året utan å nemne den skeive kyrkja på Manger. Det meste skal no vera på plass og så framt det vert løyvd pengar til stabilisering av kyrkja på budsjettmøtet i desember reknar vi med å starte til våren.

Eit skjær i sjøen er likevel at Riksantikvaren har varsla førebels granskingar. Vi veit ikkje kva dette kan resultere i enno, men vi må løyse også desse utfordringane dersom dei kjem.

Kyrkja er no stengt med unntak av gudstenester og gravferder dersom det ikkje er meldt vind over 15 m/s. Vi vonar at skulegudstenestene og gudstenesta julafta kan gå sin gang, men vi har andre løysingar i reserve dersom det ikkje vert godt og tenleg ver.

Vi ynskjer dykk alle ei god julehelg og eit godt nytt år.

Audun Sylta  
Dagleg leiar



## Hordabø kyrkje 140 år - litt historie

I eit oversyn om kyrkjene i Manger prestegjeld står det i Manger Kaldbok om "Bø Annexkirke, også en tømret, mørk Kirke og meget forliden den til store Folkemængde, som dertil sogner". Dette kan vera skrive i 1830, ikkje før. I 1851 vedtok Stortinget ei lov om storleiken på kyrkjer og kyrkjegardar. I Bjørgvin bispedøme vart det likevel ikkje nemnande press på kyrkjeeigarar og formannskap før Birkeland vart biskop i 1864.

I kommunestyremøtet 24.05.1872 vart varaordforar Ananias M. Bø vald til å forhandla med kyrkjeeigar Jansen om kjøp av kyrkja. Kyrkjeskatten vart auka i same møtet til 4 ort på kvar skylddalar, og til 60 skilling på kvar skattytar. Kongeleg resolusjon av 12. desember 1873 fastsette at ny kyrkje skulle byggjast for indre Bø sokn, og sameleis for ytre Bø på garden Hjelmen. Alt den 10. desember hadde Manger Kommunebestyrelse hatt møte. Der gjorde "Formænd og Repræsentanter" for Ytre og Indre Bø sokn kvar sine vedtak om byggjekontrakt, kontanttilskot, pliktarbeid og om lån. J.W. Nordan hadde teikna begge kyrkjene og Jon Jonsn Alvær vart byggmeister for dei begge. Kvar gardbrukar måtte skaffa 3 kubikkalen Stein, levert på kyrjetomten. Det meste av steinen vart teken ut frå Syltaneset. Trematerialen kom for det meste som rundtømmer til Bøvågen, og det var pliktarbeid å få dette fram til byggestaden. Det vart fortalt at arbeidsfolka stod tett etter kvarandre, og fleire arbeidslag i breidda, på den smale vegen frå Bøvågen og flathogde tømmeret.

Den nye kyrkja vart vigsla av prost Hveding den 5. august 1875. Dagen før hadde han vigsla den nye kyrkja på Hjelma. Klokkar Håland skreiv i heftet om kyrkja til

50 års minnehøgtida. "Dei gamle som som valde denne tufta har sikkert valt med omtanke når dei bygde gudshuset sitt, si kyrkje, på denne venne staden på garden Bø. Kyrkja er ljos og ven og skal ha 450 sitjeplassar."

Den 21.august 1899 gjorde "Møde i Sogns Kirketilsyn" soknestyret merksam på "Lovens Bestemmelse med Hensyn til opførelse af Ovne i indre Bø Kirke og begge Sakristier." Kirketilsynet meinte lova ikkje gjaldt Bøkyrkja, som berre vart brukt som sommarkyrkje. Den 30. juli 1900 vedtok soknestyret å gå til innkjøp av omner.

Kyrkja fekk orgel i desember 1915, levert av Landros Orgelfabrikk, Haugesund. Det hadde 9 stemmer og det vart brukt første gongen i julehelga. Kyrkjeklokka frå 1875 er av bronse og var levert av Laxevgås verk. Den heng no i inngangen til Bauten gravplass. Den nye klokka kom på plass i 1962. Ho veg 270kg og har innskrifta "Land, land, land, hør Herrens Ord."

I mai 1949 fekk soknet løyve til å kjøpa det ein hadde bruk for av røyr, radiatorar og andre ting til varmeanlegget. Det måtte gravast ut under barnestova og kostnaden vart større enn planlagt. I tillegg var dette berre ein del av ei større vøle! Heradet sette av pengar i fleire år; medlemane i heradstyret og soknerådet kausjonerte for eit lån; Bø-soknarar i U.S.A sende gåver. Endå mangla det 12.000 kr. Oplysningsvesenets Fond kunne ikkje gje korkje lån eller tilskot. Kanskje var der ei anna råd? Hordabø ville gjerne ha sin del etter det økonomiske oppgjeret etter krigen, og ordførar Alfr. Nordanger var innom dei rette instansane i Oslo. Resultatet var at kyrkja fekk statens del av etterlikninga frå krigstida, og kunne dermed greia skulda frå storvøla. Kr 77.000 hadde det kosta.

Hausten 1954 vart kvite konfirmantkappar tekne i bruk. Sanitæranlegg kom på plass i 1958 og parkeringsplass ved kyrkja 1966. I 1974 samla Hordabø Bondekvinnelag inn pengar til flomlys kring kyrkja. I samband med 100 års jubileet var det klart for ei ny storvøla. Då vart panelen under vindauge og huntonitplatene på veggane fjerna. Nytt orgel kom på plass tidleg på 1990 talet og nye glasmåleri i 2004. Gravplassen er vorte utvida, og no held kykjegarsarbeidarane på å setja opp reidskapshus.

Nyleg har me kjøpt inn 40 stolar som står framme i kyrkja, slik at det vert betre plass til konserter og lignende. Me vonar at framtida vil ta vel vare på kyrkja slik at ho kan vera til signing for folket i soknet, då kyrkja vår ilag med Manger og Sæbø er for alle. Me ser at alt arbeidet med kyrkjene våre ikkje hadde vore mogleg å få til utan gåver og innsamla midlar. Takk til alle som er med å stø opp om kyrkja. Det er vår kyrkje.

*Ludvig Grindheim. (Innlegget er noko forkorta)*



# BARNAS SIDE

## Fargelegg

Jesus, Maria og Josef kjem heim til Nasaret.



Teikningar: Rikke Fjeld Jansen


## Finn 5 feil

**Engelen fortel Josef at dei må flykte til Egypt.**  
Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem små feila på biletet til høgre?



## Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Abonnér på barnebladet

# BARNAS

16 blader + DVD eller bok  
= berre 365,-

(privatabonnement  
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,-  
per barn

Ting på [barnas@sondagsskolen.no](mailto:barnas@sondagsskolen.no) eller på telefon 22 08 71 00



Bibelteikneseriar  
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som  
faddergåve!



# Ein avgrensa Gud



På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilet som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oksen og eselet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa.

Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste. Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang».

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lèt seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi eigentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johannesevangeliet 1, 14).

Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt!

Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske- men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa – det betyr at Gud finst over alt, men han lèt seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsentrerte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

*Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin*



## Bli fadder til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden

Kyrkjelyden på Radøy driv eit stadig større arbeid bland barn og ungdom mellom 0 – 18 år. For å utvikle og vidareføre tiltaka har vi i 2015 starta ei gjevarteneste.

Vi har fått mange gjevarar som vi er veldig takksam for, men tar gjerne i mot hjelp frå fleire. Har du lyst til å vera fadder ved å støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden din kan du fylle ut innstikket i Radar og sende til oss.

## Julaftan i Manger kyrkje

I tilfelle det vert meldt dårleg vær på julaftan, vil gudstenesta verta flytta til Radøyhallen. Det vil verta avgjort 48 timer før gudstenesta om den vert flytta eller ikkje. Informasjon vil vera å finne på [kirken.no/radoy](http://kirken.no/radoy) og via våre Twitter og Facebook-konti.



## *Eit barn er fødd i Aust-Kongo Gje tryggleik til jul!*


Vesle Victor er barnet til ein namnlaus valdtektsmann og tenåringen Maria som har overlevd det unemnelege. Han er eit barn fødd i smerte og kjærleik. Denne jula kan du vere med og gje ein ny start til born som Victor og mødre som Maria. Det kan du gjere saman med kyrkjelyden din og Kirkens Nødhjelp.

–Når eg ser på Victor, prøver eg å tenkje på framtida, og ikkje på kva eg har opplevd. Eg elskar han, seier Maria (19). Ho bur framleis saman med sonen på rehabiliteringssenteret Dorcas hus, der overlevande etter krigsvaldtekter får tryggleik, traumebehandling og støtte til å utvikla sitt eige levebrød. Senteret ligg vegg i vegg med Panzi-sjukehuset der Maria er eitt av 50 000 valdtektoffer som har fått livreddande behandling av den fredsprisnominerte kirurgen Denis Mukwege og teamet hans.

### *Valdtektsom taktikk*

Konflikten i Aust-Kongo held fram. Brutale valdtekter blir bukte taktisk i konflikten for å rive i stykke familiar og lokalsamfunn. Krigen handlar om kontroll over råvarer og rivalisering mellom ulike etniske grupper. Overgripene har ofte vore soldatar sidan barndomen, og ofte får store fysiske og psykiske skadar. Maria er ei av mange som også får barn som resultat av valdtekten:

– Eg vil ikkje at borna mine skal oppleva all valden eg har opplevd. Det vil øydeleggja dei så veldig. Slik kan vi ikkje ha det, seier Maria.



Send GAVE på sms til 2468 (200 kr)

KIRKENS NØDHJELP  
nordnorge.no

handling, skulegang og arbeidstrening på ein stad der dei kan kjenna seg trygge.

–Dette arbeidet kan du delta i! For det går heldigvis an å kome på beina att etter øydeleggjande vald. Og valden kan stoppast. Takk for at du er med og gjev tryggleik til jul, seier generalsekretær Anne-Marie Helland i Kirkens Nødhjelp. Sjølv har Maria ei oppmading til oss:

–Be for oss og landet vårt så valdtektsvald stoppar!

## *Helsing fra Estland*

### **Kjære venner og partnere i Norge! Guds fred!**

Det står riktignok i Ordspråkene 17,27 at «Klok er den som sparer på ord», men kanskje bør vi like fullt beklage at det er altfor lenge siden siste giverbrev fra Estland! Det henger sammen med at det skjer så mye i menighetene, og det er vanskelig å få tid til alt som burde vært gjort.

I Mustamäe menighet er det både spennende og veldig travle tider. Om sommeren hengav vi oss til barneleirer. Vi hadde tre stykker denne gangen: to byleirer (bo-hjemmeleirer) og én leir på landet med overnatting. Mange av disse barna går i menigheten, og har vært med på flere leirer tidligere. Men vi hadde også en del helt nye barn som aldri hadde vært på en kristen leir før, og som ikke visste noe om Bibelen.

I slutten av august hadde vi «Kirkehagedagen» på kirketomta. Det har blitt en tradisjon etter at vi fikk tomta av byen å ha en slik dag før høsten for å markere at her vil vi bygge en ny kirke en dag. Vi startet dagen med lovsang og gudstjeneste. Det er ganske sterkt å stå der på tomta, å forkynne Guds Ord og fortelle om menigheten. Etter gudstjenesten hadde vi mange gode

**Panzi-sjukehuset**  
blei oppretta av Dr Denis Mukwege i 1999. Det var meint som eit sjukehus for fødande kvinner, men blei eit valdtektsmottak som måtte spesialisere seg på kirurgiske operasjonar for å redde kvinner og jenter med øydelagde underliv etter krigsvaldtekter. Har gjeve livreddande behandling til meir enn 50 000 valdtektoffer.

**Dorcas hus**  
er eit rehabiliteringssenter knytt til Panzi-sjukehuset.

Her får kvinnene traumebehandling, opplæring og støtte kvarandre for å kunna klara å leva att og ha eiga inntekt. I tillegg driv senteret forsking og førebyggende arbeid som spesielt rettar seg mot menn.

**Kirkens Nødhjelp**  
er norske kyrkjelydar sin eigen diakonale organisasjon, og har jobba i Aust-Kongo i 25 år, etter å ha støttet diakonal arbete i landet sidan 70-talet. Berre dei siste tre åra har 2 541 overlevande etter valdtekter fått traumebehandling, skulegang og arbeidstrening på ein trygg stad som resultat av dette arbeidet. I tillegg fokuserer Kirkens Nødhjelp på fred og forsoning, førebyggning av kjønnsbasert vald og å sikra reint vatn og trygge sanitærforhold til folk som er fordrivne på grunn av konfliktene.

# JULEGAVE!

UNIK GLASSKUNST med julemotiv laget for Det Norske Misjonsselskap av kunstneren Astri Vadla Ravnås.

Kr 1000,- per motiv gir kr 750,- direkte til misjonsarbeidet!

BESTILLING: [www.nms.no/julegave](http://www.nms.no/julegave)  
Tlf. 51 51 61 00 • [info@nms.no](mailto:info@nms.no)



konserter, aktiviteter for barn - og marked. Alt dette ble mulig på grunn av at bydelen dekket alle utgifter, og vi hadde mange gode frivillige hjelgere.



• Felles familiedag for kyrkjelydane i Mustamäe og Saku

bestemt seg for å støtte kirkebygging. Det er veldig stort for oss, og et stort steg videre, selv om det er en lang vei å gå. Nå trenger vi «bare» penger til selve byggingen for at Mustamäe bydel endelig skal få sitt eget kirkebygg.

Høsten har det vært travlere enn det pleier å være. Samtidig har det vært en utrolig berikende også. Vi har hatt mange gjester fra Norge, og sammen har vi hatt veldig gode og utrustende møter. Jeg ser at det gir så mye til medlemmene i menigheten når de møter folk fra andre menigheter og kulturer. Så takk for alle som har vært hos oss og delt sitt liv og sin tro!

Ellers så deler vi mange av de samme erfaringene som nabomenigheten i Saku: Mye å gjøre, egentlig mange frivillige, men få som kan ta på seg lederoppgaver. Ressurssterke mennesker har dårlig tid, men de som har tid, er ennå ikke klare til å bli ledere. I vår satte jeg i gang en ny prosess: Å lære opp cellegruppeledere. Vi har ikke kommet veldig langt ennå, men prosessen er i gang, og målet er at i tillegg til ledergruppa, får vi startet ihvertfall fem andre cellegrupper i løpet av høstmånedene.

Nå i november feirer vi menighetens 5-års jubileum! Vi feirer med åpne arrangementer hver kveld og gudstjeneste med erkebiskenes førstekommende søndag. For fem år siden satt 13 mennesker i kirkerommet vårt og skrev under på at vi ville etablere en offisiell menighet. I dag har vi cirka 70 på lista, inkludert barn. Selv om ikke alle er aktive, så har vi regelmessige møtepunkt med de fleste. Egentlig er det greit at ikke

alle går på gudstjenesten samtidig. I kirkerommet vårt er det faktisk ikke plass for mer enn 60 mennesker, og da er det egentlig altfor mange allerede i det lille rommet uten vindu. Vår egen kirke blir helt nødvendig om noen få år hvis vi fortsatt vil vokse - og det vil vi. Vårt kirkebygg kommer til å koste 2,5 millioner euro.

Vi har dessverre ikke klart å lage vår egen blogg. Det har vi ikke ressurser til i den nærmeste framtiden, men av og til legger vi ut noen nye bilder på hjemmesida vår: [www.eelk.ee/mustamae](http://www.eelk.ee/mustamae)

Til slutt noen nyheter som angår NMS sitt arbeid ellers i Estland. Først kan vi fortelle at vi i starten av september fikk to nye ettåringer: Det er Brit Helen Finstad og Marcus Sele Samuelsberg, begge fra Klepp i Rogaland. De har hatt en flott inngang, og vi gleder oss til fortsettsen. De skal hjelpe til først og fremst i Saku og Mustamäe menigheter, i tillegg til informasjonsarbeid o.l. Ta gjerne en titt på de fine bloggene deres: [brithelenfinstad.wordpress.com](http://brithelenfinstad.wordpress.com) og [eestimarcus.wordpress.com](http://eestimarcus.wordpress.com)

I tillegg har NMS startet et engasjement i Sør-Estland. Som mange vet, kom Anders Vik Aarseth fra Volda hit som misjonær i fjor høst, og bosatte seg i Estlands nest største by, Tartu. Han har hovedsaklig studert estisk språk dette første året. Men nå er han i full gang innen ungdomsarbeid i Põlva og Tartu Pauluse menigheter i sør, i kombinasjon med engasjement for kirkas barne- og ungdomsorganisasjon, LNÜ.

Helt til slutt vil vi gjerne uttrykke vår store takknemlighet til hver og en av dere som er med og bidrar med gode tanker, forbønn og gaver til arbeidet! Gud velsigne dere! Med ønske om en velsignet advents- og juletid fra oss i Estland!

Magne Mølster og Tiina Klement



# Familienytt



## Døpte

- 22.11.2015 Trym Sebastian Lande  
Hjertås  
22.11.2015 Linnea Nesse Stevnebø

## Vigde

- 29.08.2015 Katrine Mangerøy  
og Jan Otto Wathne  
26.09.2015 Karen-Ann Ervik  
og Knut-Tore Vangen



## Døde

- Seremonidato
- 08.09.2015 Haldis Jeanette Kolås  
08.09.2015 Kåre Taule  
18.09.2015 Solveig Rondestveit  
02.10.2015 Terje Nilsen  
02.10.2015 Johan Hella  
20.10.2015 Laura Karine Bergliot  
Johannessen  
30.10.2015 Olav Sæbø  
10.11.2015 Ronald Alv Soltveit

## Dåpsdato

- 06.09.2015 Filip Lerøy-Sørensen  
06.09.2015 Jessika Gundersen-  
Straume  
13.09.2015 Oda Kristine Tuseth Sture  
27.09.2015 Adrian Kviste Husebø  
04.10.2015 Noah Rath  
04.10.2015 Martilla Lerøy  
04.10.2015 Theodor Sæthre Haugland  
04.10.2015 Brage Muratovic Floen  
04.10.2015 Jakob Vogelaar  
04.10.2015 Mathea Vogelaar  
11.10.2015 Teodor Marøy-Treni  
18.10.2015 Mathias Holsen  
18.10.2015 Maia Flakke Lie  
18.10.2015 Johanne Løkvik Askeland  
18.10.2015 Kornelia Gjerde

## Korleis har du det eigentleg?

### Kirkens SOS

815 33 300

[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



## KAFFEKROKEN



# Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
23.08 13.sundag i treeiningstida	Kirkens Sosialtjeneste	965
30.08 14.sundag i treeiningstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	4712
06.09 15.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	3093
13.09 16.sundag i treeiningstida	Norsk Lærerakademi	2684
20.09 17.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	769
27.09 18.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	3806
04.10 19.sundag i treeiningstida	Kristent arbeid blant blinde og svaksynte	2557
11.10 20.sundag i treeiningstida	Gå Ut-senteret	2042
18.10 21.sundag i treeiningstida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2873
25.10 Bots- og bønedag	De fire diakoniinstitasjonene	1083
08.11 24.sundag i treeiningstida	IKO - Kirkelig pedagogisk senter (2 offfer)	5874
15.11 25.sundag i treeiningstida	Trusopplæring i Radøy	2315

Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):  
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):  
Offer til andre organisasjoner:

Hittil i 2015  
Denne perioden  
3642,00  
9214,00  
19917,00



## DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn - [www.kirken.no/radoy](http://www.kirken.no/radoy)

Du finn oss også på Facebook og Twitter



[facebook.com/  
radoysokn](https://facebook.com/radoysokn)



[twitter.com/  
radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)

## Trusopplæring på Radøy

Kyrkjelyden vår har ei rekke gode tilbod for born i alle aldrar, frå søndagskule for dei minste til Lys Vaken for 11-åringar. I haust fekk 4-åringane utdelt kyrkjebok. Laurdagen i forkant hadde vi ei samling i Hordabø og Sæbø kyrkjer, der borna fekk høre forteljinga om den gode hyrde. Presten viste fram prestekjolen sin, vi sang saman og koste oss med bollar og saft.

På søndag var det festgudsteneste med forteljing framme i kyrkja. Både i Sæbø og på Hordabø var barnekor med på gudsteneste. Vi takker alle som var med for ei fin helg!

Har du lyst å støtte trusopplæringa økonomisk? Sjå gjevarheftet som er vedlagt dette nummeret av Radar!



**MANGER  
GRAVMONUMENT**  
5936 Manger • Tlf. 452 71 563  
Ring for avtale  
[terje.skjelvik@broadpark.no](mailto:terje.skjelvik@broadpark.no)

**Frantzen's  
Gartneri**  
BLOMSTERFORRETNING  
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

**KVALHEIM EIENDOM AS**  
Idrettsvegen 7 5936 Manger  
Tlf: 56374073  
[kval.wvs@frisurf.no](mailto:kval.wvs@frisurf.no)

**FISKENETT**  
5936 Manger • Tlf 56 34 98 60  
[www.fiskenett.no](http://www.fiskenett.no)

**Nordhordland Begravelsesbyrå as**  
Havnevegen 31, 5918 Frekhaug  
Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf. 56 37 14 10  
Gravferdsbyrå for heile Nordhordland  
[post@nordh-bb.no](mailto:post@nordh-bb.no) / [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

**Vatne  
Begravelsesbyrå**  
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø  
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon  


**MTI  
IT SERVICE**

**ÓKO NOR**  
ACCOUNTOR GROUP  
Tlf 56 35 55 80

**BUNNPRIS**

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

 SparebankenVest

**RISNES  
ELEKTRO AS**  
Elinstallatør - Lampebutikk  
Tlf 56 34 96 20

**REMA 1000**  
bare lave priser

Manger Senter  
07-23 (09-21) 5637 2255

 **Tannlege  
Sondre Villanger Håland**  
Grønålvegen 18, 5936 Manger  
Telefon: 56 37 00 40  
[info@tannlege.so](mailto:info@tannlege.so) [www.tannlege.so](http://www.tannlege.so)

  
**TØRKELOFTET**  
BLOMSTER & INTERØR

**Smiths**

møte- og selskapslokale  
**Manger— Ring 56 37 31 11**  
leverer snittar, koldtbord og varm mat

**ENTREPENØR  
Rune Ulvatn AS**  
5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

# Vel møtt i kyrkja!

Sjå også nettsidene våre:  
[kirken.no/](http://kirken.no/)  
[radøy](http://radøy.no/)

Søndag 06.12	11:00	Manger kyrkje	Gudsteneste
Søndag 20.12	11:00	Hordabø kyrkje	Gudsteneste
Torsdag 24.12	14:30	Emigrantkyrkja	Gudsteneste
Torsdag 24.12	14:30	Hordabø kyrkje	Gudsteneste
Torsdag 24.12	16:00	Sæbø kyrkje	Gudsteneste
Torsdag 24.12	16:00	Manger kyrkje	Gudsteneste
Fredag 25.12	12:00	Sæbø kyrkje	Festgudsteneste på 1.juledag
Fredag 01.01	12:00	Sæbø kyrkje	Festgudsteneste på nyårsdag
Søndag 03.01	11:00	Manger kyrkje	Gudsteneste
Søndag 10.01	11:00	Hordabø kyrkje	Gudsteneste
Søndag 17.01	11:00	Manger kyrkje	Misjonsgudsteneste. Magnar Kartveit.
Tysdag 19.01	19:00	Sæbø kyrkje	Tysdagstreff. Tapaskveld. Marianne S.Skauge.
Søndag 24.01	11:00	Sæbø kyrkje	Gudsteneste. Utdeling av Bibel til 11-åringar.
Søndag 31.01	11:00	Manger kyrkje	Gudsteneste
Søndag 07.02	11:00	Hordabø kyrkje	Gudsteneste
Onsdag 10.02	19:00	Hordabø kyrkje	Gudsteneste
Søndag 14.02	11:00	Manger kyrkje	Gudsteneste
Søndag 21.02	11:00	Sæbø kyrkje	Gudsteneste
Søndag 28.02	11:00	Manger kyrkje	Gudsteneste
Tysdag 01.03	19:00	Sæbø kyrkje	Tysdagstreff. "Det er vel ei meinung med det. Er det det?" Helge Hitland.
Søndag 06.03	11:00	Hordabø kyrkje	Gudsteneste
Søndag 13.03	11:00	Manger kyrkje	Gudsteneste
Søndag 20.03	11:00	Sæbø kyrkje	Gudsteneste

Hugs å sjekka kalenderen på [www.kirken.no/radøy](http://www.kirken.no/radøy) for oppdatert informasjon om gudstenester og for oversikt over andre arrangement og tilbod i kyrkjelyden!

*"...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den nærmaste kyrkja,  
men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje."  
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*



## Elektronisk bestilling av dåp

Visste du at du no kan bestille dåp i Radøy sokn via nettstaden vår? Du slepp dermed å vente på at kyrkjekontoret er opent og kan velja fritt blant ledige dåpsgudstenester. Besøk oss på [www.kirken.no/radøy](http://www.kirken.no/radøy) og klikk på "Dåp"!

Redaksjon: Audun Sylta, J.William Kay

Utforming: J.William Kay • E-post: [kontor@radoysokn.no](mailto:kontor@radoysokn.no) • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik

Bilete: © Kirkerådet, Willem Vogelaar, Pixabay (framside).



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

